



## Ordføreren sitt hjørna – mars 2016

Torsdag i neste veke skal me prøve noko nytt; me skal gjennomføre politisk arbeidsdag. Det er ein felles politisk arbeidsdag for kommunestyret og hovudutvala. Frå kl. 09.00- 12.00 er det ein bolck med diverse orienteringar om aktuelle saker. Denne gongen er det rådmannen som skal informere om pågåande arbeid , og det blir ei orientering om Hallingdal Sjukestugu og Hallinghelse. Folkehelse har vorte sett endå meir på dagsorden i samband med samhandlingsreformen , og Hallingdal lokalmedisinske tenester har vore det store samarbeidsprosjektet i Hallingdal dei siste åra. Derfor er det naturleg med ei oppdatering på korleis me ligg an.

Frå kl. 12.00 er det hovudutvalsmøter, og formannskapet skal ha ein gjennomgang av Strategisk Næringsplan som vart vedteken i juni 2015. Den har 29 konkrete tiltak, og kommunen ved formannskapet har overordna ansvar for framdrift og gjennomføring. Det var det gamle kommunestyret som vedtok næringsplanen , og det er nødvendig og lurt at også det nye formannskapet har eit eigarforhold til ein slik viktig plan. Frå kl. 17.00 er det kommunestyremøte. Det blir full dag denne gongen. Hemsedal hadde politisk arbeidsdag attende på 90-talet, så det har vore prøvd før. Om politisk arbeidsdag blir noko me satsar vidare på får me ta opp utifrå erfaringar etter denne dagen.

«Kommunereform – vidare arbeid» er ei av saken på kommunestyresakslista denne gongen . Rådmannen har i saka vurdert økonomi, tenestnivå , rekruttering , busetting og kommunen som samfunnsutviklar. Han legg fram saka med 2 alternativ til vedtak. Framlegget til vedtak lyder slik:

### **Alternativ 1:**

***Hemsedal kommunestyre ser ingen grunn til å endre kommunestrukturen, då grunnlaget for å vidareutvikle seg som eigen kommune fullt ut er til stades.***

### **Alternativ 2:**

***Hemsedal kommunestyre ber om at Hemsedal koplar seg på prosessen som Nes og Gol skal i gang med.***

***Endeleg avgjere om ei samanslåing skal gjerast etter folkerøysting gjennomført før kommunestyremøtet 28 juni.***

Eg vil sakse 3 avsnitt frå rådmannen si saksframstilling:

*Ved ei eventuell samanslåing vil kommunane få dekkja etableringskostnader gjennom ein eingongsstønad på kr 20 MNOK for 2 kommunar og 10 MNOK for kvar kommune utover det, dersom vedtak vert fatta før 1. juli 2016.*

*Hemsedal kommune er i god vekst samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal. Me har gode tenester på dei fleste felt , og rekruttering til stillingar har ikkje vore noko problem hittil. Hemsedal er attraktiv for ny busetting , og er derfor robust for framtidens utfordringar. Det synes som me har veldig positive framtidsutsikter om me skulle velje å stå som ei eiga kommune framover..*

*Det er ingen tvil om at Hemsedal over tid har opparbeid seg eit solid merkenamn, kva som vil skje med merkenamnet Hemsedal ved ei eventuell samanslåing er vanskeleg å anslå.*

*Administrativt vil ein kunne spare noe på betre kapasitetsutnytting ved ei sentralisering av administrasjonen. Ein vil også bli mindre sårbar og dei tilsette vil jobbe i større fagmiljø. Noe av dette er allereie oppnådd gjennom det tette samarbeidet som er i Hallingdal, og meir kan gjerast gjennom eit enda tettare samarbeid. Ulempa ved ei sentralisering av administrasjonen er at mange får ein lang reiseveg til jobb, og på sikt kan det medføre at administrasjonen også er busett i den kommunen kor administrasjonen sitt. Det vil svekke dei tidligare utkantkommunane som misser kompetansearbeidsplassar. Større fagmiljø kan også gjere det lettare å rekruttere kompetente tilsette Hemsedal kommune har ikkje hatt noe problem med rekruttering og har god kompetanse blant dei tilsette.*

Kommunestyret har òg ei sak om utvikling av privat bustadfelt på Tuv. I kommuneplanen er det lagt ut eit mindre felt aust for noverande bustadfelt. Dette ligg inntil området som kommunen kjøpte for 15 år sidan, men som har vore bandlagt grunna 200-års flaum og sikringssone for ny vasskjelde. NVE har no gjort nye flaumvurderingar, og ein del av området kan nyttast til bustadformål. Administrasjonen tilrår at det blir laga ei felles reguleringsplan for det private området ( BU9) og kommunen sitt område. Formannskapet tilrår også det.

Hemsedal kommune har opp gjennom tida kjøpt grunn og utvikla bustadfelt i eigen regi. Tomtene er selt til sjølvkost. For lenge sidan var det kanskje nødvendig for i det heile tatt å kunne utvikle felta. I seinare tid har det vore ein bevisst politikk for å kunne tilby tomter til dei som ynskjer å busetja seg i bygda til ein så rimeleg pris som mogleg. Dette er særst viktig for unge folk som skal etablere seg. Om det blir samarbeid mellom kommune og private på nemnde felt på Tuv, så kan likevel prinsippet om kommunale tomter til sjølvkost stå fast for framtida. No er det veldig viktig å få tomter tilgjengeleg også på Tuv. Folketalet veks fort, så alt tyder på at me treng mange nye bustader framover.

God påske!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører